

**Fra:** Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)  
**Sendt:** 05.04.2016 22:27:26  
**Til:** 'Adriana Alves'; 'Kirsti van Hoegee'; Charlotte Espeland  
**Kopi:** 'Inni Mowinckel'; Ronny Skaar

**Emne:** Fagpanel under UKM-festivalen i Hordaland 2016

**Vedlegg:** Skjema for fagpanel KUNST.docx;Rettleiing for Fagpanel 2016.docx;Kunstkatalog UKM 2016.pdf;image001.png  
Hei Adriana, Kirsti og Charlotte,

Det nærmar seg UKM-festivalen i Hordaland og vi gler oss!

Som dykk veit er oppgåva til fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland ikkje enkel, og gjer arbeidet annleis om det hadde vore ein ordinær konkurranse. UKM ønskjer å vere ein kanal for det mangfaldet som finst blant ungdom. Dei som vert sendt vidare til landsfestivalen i Trondheim skal gi eit bilete av kvaliteten, mangfaldet og bredda av kulturaktivitetane blant ungdom i Hordaland. Ingen uttrykk er meir verdifulle enn andre.

Det har vore viktig for Hordaland fylkeskommune at fagpanelet består av personar med høg fagkompetanse og som viser eit engasjement for ung kultur. Vi vil rette ein stor takk til deg for at du ønskjer å vere ein del av fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland. Vedlagt er eit skriv om rettleiing for fagpanelet (oppdatert frå i fjor), jusykjema for kvar deltakar (i tilfelle dykk vil ta ein titt før neste helg – eg printar desse ut til dykk), i tillegg til kunstkatalogen for UKM Hordaland 2016. Kontrakt for oppdraget vert sendt per post denne veka.

I år har deltakarane fleire workshops å velje mellom, i tillegg til at vi tilbyr scenedeltakarar å spele med eit profesjonelt husband (framfor å nytte playback). Det er overnatting for alle i Haugeveien 28 (Bergen tekniske fagskole sine lokaler) og heile festivalen «brakar laus» for deltakarane kl.19:30 fredag 15.april. Framsyningar i Røkeriet vert frå kl.13:00 både laurdag og sundag. **Kunstutstillinga vert opna i Sardinien, USF, laurdag kl.15:00.** Adriana har workshop med kunstdeltakarane i tidsrommet 09:30 – 12:30 i Sardinien. Det hadde vore fint om Kirsti og Charlotte kan kome rundt 12:30 så dykk kan få felles lunsj. Eg printar ut blekke med jurykjema til dykk alle saman. Om dykk ønskjer det, kan vi be alle deltakarane frå kunstutstillinga til å kome til Sardinien kl.14:30 for å svare på spørsmål dykk har.

Ta gjerne kontakt om dykk har spørsmål. Mitt mob.nr. er 992 30 515.

Vi gler oss til å møte dykk!

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)